

## **KFU møte 12/2-19**

Møtte: Siv Omtveit Aasan, Kristine H. Kleiv, Kjersti Aase, Lene Brekke, Kevin Rue, Gunhild Flatland, Jorunn Hegni, Bente Groven, Maria Fremmerlid, Geir Halvor Haugen. Even F.Svendsen

Gjennomgang av referat frå sist møte. Ingen merknader.

### ***Kommuneøkonomi 2019***

#### **Omstilling**

I dag er det tøft å vera ein liten småkommune, noko som er eit resultat av at det ikkje vart nokon kommunesamanslåing. Kommunen er i ein stor omorganiseringsprosess. PO2 har fått store oppdrag i denne prosessen ; som skal vera i gang 1.oktober 2019. PO2 er i dag 9 store avdelingar og dette skal reduserast til 3. Avdeling for kulturskulen, vaksenopplæringa og flyktningetenesten vil vera som dagens. Barne-og ungsomsskulen i Seljord. Heddeli og Tussejuv barnehage blir ei avdeling. Flatdal oppvekstsenter vil bestå av Flatdal skule, Flatdal barnehage og Åmotsdal barnehage og blir ei avdeling. Det blir intern omstilling av leiarar. Leiaren for den nye avdelingen i Flatdal har nå blitt lyst ut eksternt, med frist 1.mars.

Even invitera KFU til å bli med aktivt i prosessen, noko ala workshop og at KFU får kome med innspel.

#### **Liv og røre**

Eit opplegg der det er fokus på fysisk fostring, helse og mat i skulekvardagen. Meir aktivitet ute, utendørsklasserom ; læring i utemiljøet. Dette vil ha oppstart hausten 2019.

#### **Inkluderande barnehage- og skulemiljø**

Her handlar det om fokus og strategi for oppfølging av barn i barnehage og skule miljøet. Dette er eit stort satsingsområde på landsbasis. Kommunen har jobba fram ein plan, som vart levert 15.januar. Ein føler seg klar og ventar bare på å få rulla planen ut.

#### **Administrativ digitalisering**

Her handlar det om dataprogram som er i bruk i PO2. Det er mange plattformer, som ikkje pratar saman. Mange er gamle og dei kjem i konflikt med personvernet til kommunen. Ein vil nå sjå på eit felles system der alle kan vera på same plattform, utan å vera bekymra for at reglar for personvern ikkje blir trygga. I dag kan ein bruke Svar Inn, som er ein trygg portal mot kommunen. Dette betyr og at MyKid og Mobilskule blir bytta ut. Foreldre reagerer på kvifor ei plattform som det var oppstart på hausten 2018, allereie nå skal byttast ut. Kva er økonomien i det ?

### ***Barnehagetilbod***

Det blir frå hausten 2019 endring i barnehagetilbodet . Det vil nå kun bli mogleg å søkje om 3 eller 5 dagar. Ein kan fortsatt ynskje seg spesifikke dagar, men dette vil vera avhengig av plass og

bemanning. Søknadsfrist for barnehage er utsatt til 15.mars. Når det gjeld ny organisering av barnehagane vil det bli opp til leiarane å finne den beste løysinga.

## **SFO**

Frå hausen blir det færre alternativ å søkje på :

5 morgonar/5 ettermiddagar

5 morgonar

3 morgonar

5 ettermiddagar

3 ettermiddagar

Det blir frå hausten 2019 5-dagars skuleveke for 1-4 trinn, og denne omlegginga er eit pedagogisk grep.

### **Forslag til ny skuledagstruktur ser slik ut:**

#### **Flatdal :**

1 full dag på måndag , 4 korte dagar tysdag, onsdag, torsdag og fredag.

Skulestart kl 8.40

Slutt kl 13.15.

Kl 13.15 – 14.10 : SFO/leksehjelp. «Blåtimen»; dei som skal vente på skyss får gratis tilsyn fram til bussen reiser. Det er ingen tilbod om skuleskyss og det er ikkje lagt inn noko i budsjettet om ekstra midlar til skyss heim når skulen er ferdig.

**Innspel:** «Blåtimen» - ynskjer ikkje så mykje lærarstyrte aktivitetar, men leik og moro under tilsyn. Foreldra ynskjer også evaluering av denne endringa etter eitt år.

#### **Seljord**

Alt 1: 2 lange dagar / 3 korte. På dei lange dagane er skuledagen til kl 13.50. På dei korte dagane blir det SFO/Tilsyn frå kl 11.55-13.50 . Såkalla «Blåtimen»

Alt 2: 5 like lange(korte ) dagar. Skule kl 8.10-13.00. Kl 13.00-13.50 SFO/tilsyn.

**Innspel:** Lekser. Ein fryktar for at det kan bli auke i leksene når det blir skule 5 dagar.

Representantane frå Seljord har litt ulike meinigar om alternativa og klarar ikkje å sjå at det er ei løysing som skil seg mykje ut frå den andre.

### **Skuleruta 2019/2020**

Even hadde ein kort gjennomgang av komande skuleårs skulerute.

### ***Polentur for 10.klasse***

Det er nå ein tett dialog mellom administrasjonen og foresatte / Polenkomiteen. Det er klart at slik Polenturen blir gjennomført i dag er det ingen tvil om at den strider imot gratisprinsippet som er i skulen. Det blir jobba med ulike løysingar for å sjå kva ein skal gjera med turen som er til hausten i 2019. Det er nå lagt fram 3 alternativ :

Tur i foreldra sin regi

Skulen overtek alt ansvar og organisering av turen. Reversering av innbetaling og øyremerking.

Avlyse turen.

Polenkomiteen ber nå om meir støtte frå formannskapet. Søkjer om sentrale midlar. Det vil også bli eit foreldremøte rett etter vinterferien.

### ***Pål Roland***

FAU i Flatdal har ikkje klart å kome i kontakt med Pål Roland att. Det er litt usikkert kva som skjer med storforeldremøte som var planlagt 10.april. Det kom forslag om evt ny foredragshaldar ; Kjellaug Tonheim Tønnesen. Fagleg leiar for Barnevakten. Tema her blir nettvett.

Referent Bente Groven